



PETROLEUMSTILSYNET

Gassco AS
Postboks 93

5501 Haugesund

Vår saksbehandlar
Trond Sundby

Dykkar ref.
DMS no 134163

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2017/236/TES

Dato
22.3.2017

Samtykke til å ta i bruk Polarled gassrørleidning

Vi viser til dykkar søknad om samtykke datert 16.2.2017 til å ta i bruk Polarled gassrørleidning.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25, tredje ledd bokstav a, blir de gitt samtykke til bruk.

Samtykket blir blant anna gitt med bakgrunn i dokumentasjon som er sendt inn i forbindelse med søknaden.

Behandlinga av søknaden om samtykke blir koordinert av oss, sjå rettleiing til styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden lagt fram for Miljødirektoratet (MD). Miljødirektoratet har opplyst at dei ikkje har kommentarar til at samtykke blir gitt. Kommentarene deira følgjer for øvrig av eige brev som er lagt ved.

Vedtaket kan bli påklaga etter § 28 i forvaltningslova. Fristen er tre veker frå mottak av dette brevet. Klagen skal sendast til oss. Nærmare opplysningar om klageåtgang kan ein få ved å ta kontakt med oss.

Vedtaket om samtykke skal gjerast kjend for verneombod og arbeidstakarane sine representantar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med hilsen

Kjell Arild Anfinsen e.f.
tilsynskoordinator

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har difor ingen signatur

Vedlegg: 1